

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 2

April 1966

2. årgang

Hva hindrer deg?

Mark. 10. 17—27

Av Ole Brandal

Her får vi høre at det er *vansklig* å bli frelst. Til dette sier vårt hjerte: Ja, selvfølgelig, for det er ikke bare å bekjenne, en må også leve opp til hva en bekjenner. En må være rik på bønner, tårer, gode gjerninger, o.s.v. For de fleste blir det så mange ting som må skaffes til veie at de lar det hele skure til alderdommen — ja døden — kommer.

Men tenk om du tar feil? Du, hør hva Skriften sier: «Det er vanskligst for den som *har meget!*» Det er ikke din fattigdom og utilstrekkelighet som gjør det vansklig, men tvert imot, det er din *rikdom* og din *tilstrekkelighet*. Skjøger og horkarer går før inn i Guds rike enn skikkelige folk. Ja, slik taler Skriften, og også denne tekst.

Dette ord forteller oss om en mann som ville bli frelst og som av den grunn gikk til Jesus. At han gikk til rette vedkommende, kan ikke betviles. Vi ser således disse to sammen: han som *vil* bli frelst, og han som *kan* frelse.

Da hender noe merkelig. Til den som vil bli frelst sier Jesus: «Loven kjenner du». Er ikke dette en noe uvanlig sjelesorg? Hvorfor sier Jesus dette til en søkerende?

Svaret finner vi i Rom. 3, 19. Når

Jesus står overfor en som vil bli frelst, så er det *dette* som er av interesse for ham: Er din munn *lukket*? Er du *skyldig*? Er du *fattig*? Og hvorfor? Jo, det er i og med *syndenes forlatelse* — Guds gave — vi blir frelst. Med andre ord, Jesus er interessert i dette: Er du så *fattig* at du har bruk for *meg*? Det er den som har *sønnen* som har livet.

Overfor dette spørsmål blir det klart at denne mann hadde ingen lukket munn, intet nådebehov. Jesus kunne således ikke blir av med sine gaver — sin uforskyldte nåde. Mannen var selvhjulpen, selvtilfreds — *rik*. Det er også ikke hans fattigdom som ligger i vegen, men det er hans *rikdom*. Han *har for meget*.

Hva gjør så Jesus Han bruker etter loven. Og hvorfor? Jo, for ved loven kommer syndserkjennelsen — *fattigdommen* —, Rom. 3, 20.

Og merk deg nå dette. Den Hellige Ånd fører *alltid* et menneske som vil bli frelst *denne veg*. En må avklædes for å iklædes — en må bli gjort fattig for å bli gjort rik — ja, en må miste sitt liv for å vinne livet. Dette er Herrens veg med oss.

Når den Hellige Ånd har dette arbeid

fore, da oppstår det alltid en krise hos den søkerende. Utfallet kan da bli ett av to.

For det første er der noen som går bort, slik som denne mann gjorde. Og blant disse er der to slags. Der er de som går bort *sint*, og de som går bort *bedrøvet*. De som går bort *sint*, mener seg å være bedradd. De andre er bedrøvet over seg selv, fordi det ikke lykkes for dem. De fikk det ikke til å bli en kristen. Disse siste har vært meget nær Guds rike. Det er få mennesker jeg har slik medynk med som disse.

For det andre er der noen som blir *igjen*, og av disse er der også to slags. Det er de som blir *hyklere* og de som blir *frelst*.

Hyklere blir de på denne måte: De kommer ikke fram til *klarhet*, men de begynner å sammenligne seg med de andre. Ved denne sammenligning finner de ut at de holder mål, og de blir i flokken, men *gjnefødt* er de ikke — dessverre. Det er disse som skaper vanskter i våre flokker, for de har bare *kjødets øyne* å se med.

Og så har vi dem som blir frelst. Disse blir hos Jesus og han får fortsatt ha dem under behandling. Og hvilken behandling? Han vil fortsatt tale loven. Og hvorlenge? Til lovens mål er nådd. Han som er lovens Herre vet å bruke den rett. Og lovens mål er ikke å gjøre from, men *syndig*. Loven gir en tilstoppet munn, den gjør oss *skuldige*. Under loven får vi denne erkjennelse: Herre, jeg blir aldri frelst. *Gjelden* er for stor og *hjertet* er for ondt. Der finnes ikke stoff i meg til å bli en sann kristen. Ve meg, jeg er fortapt. Akkurat denne erkjennelse var det loven skulle gi deg. Nå kan Herren få bli av med sine «varer».

Ved denne erkjennelse omskifter

Herren sin røst fra *lov* til *evangelium*. Nå sier han ikke: «Gjør dette, så skal du leve», men «kjente du Guds gave». «Dette er livet det evige at du *kjenner meg*.» Hva er det med deg da Jesus?

Da sier Jesus: «Du unge mann jeg kjenner deg. Jeg vet at din *gjeld* er stor og at ditt *hjerte* er ondt. Det er uten evne til å oppfylle loven. Men hør her. Nettopp fordi du er slik, så er jeg kommet for å komme deg til redning. Av en kvinne er jeg født under loven, for å oppfylle loven i *ditt sted*. I over tretti år har jeg *på dine vegne* elsket Gud over alle ting og nesten som meg selv. Du makter ikke å selle *alt* — men jeg har gjort *det* i ditt sted. Dette er *din* lovoppfyllelse. Snart skal du få bli med meg til Golgata og se hvorledes jeg smaker døden i *ditt sted*. Da kan du synge: «Du gikk for meg en blodig sti og jeg som skyldig er går fri». Og «i din grav i haven, der er min synd begraven — — ».

Når dette er fullbragt, så skal jeg gå inn i selve himmelen og sette meg ved Faderens høyre hånd og der vil jeg tale *din* sak. Jeg skal vise fram for Faderen mine naglemerkede hender og gjennomborde side og be ham være deg nådig for *min smertes skyld*. Mitt hellige og rene liv i *ditt sted* vil jeg vise hen til og be Faderen anse deg *i meg* rettferdig og ren. Ikke et øyeblikk vil du være glemt hos Gud. Vær frimodig — dine synder er deg forlatt, og i Guds øyne skal du være iklædd *min rettferdighet*. Det er ikke *din* møye som gir deg evig liv, men *min*. Stol bare på meg du unge mann, jeg skal være din talsmann i himmelen.

Ved denne tale ville den ungemannen fatte mot og takke Jesus. Nei, tenk at du Jesus vil *gjøre* og *være* dette for meg. Hva jeg burde men ikke kan, se det *kunne* og *gjorde han*. Takk Jesus.

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord

S. Botnens Boktrykkeri, Stord

Red. : Amund Lid, Norheimsund

Eksp. : Margr. Skumsnes, Kårevik

Stord Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle

som sender eksp. namn og adr.

Blir halde oppé med frivilj. gáver

Norsk Luthersk Lekmannsmisj. :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69

Kass.: Sverre Bohn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank
Norheimsund 10093/955

Nå er det *frelsende kjennskap* en rea-
litet.

Min venn, er du frelst? Ja, da er det
te *din erfaring*. Er du fremmed her, så
er du ennå ikke frelst. Husk det. Men
kanskje du ved å lese dette har funnet
ut at du ennå er bare under Guds av-
klædende nåde? Da må du ikke slå deg
til ro før du kan synge: «Nu har jeg
funnet hva jeg grunner mitt salighet-
ens anker på» og grunnen var *Jesus
alene*.

Når du blir frelst da blir du ribbet
for alt ditt eget — og ved ordet om *Je-
sus* blir du iklädd hans rikdom. Da
ser du at det var ikke din fattigdom
som lå deg i vegen, men din rikdom —
din *egenrettferdighet*. De *fattige* blir
av Gud gjort rike, men de *rike* går tom-
hent bort. Salig er du som har del i
dette.

O. B.

Vintreet og greinene

Av Amund Lid

Jesus talar ofte i likningar, «Himmelriket kan liknast med».

I Johs. 15 viser han oss livet i Gud gjennom denne likninga om vintreet og greinene. «Eg er vintreet og de er greinene, — og far min er vingardsmannen». Få likningar i Guds ord gir oss så klart lys over vårt forhold til Jesus.

Om du er frelst, så er ditt forhold til Jesus som greina sitt forhold til treet. «Den som er i meg og eg i han, han ber mykke frukt, forutan meg — eller skilt frå meg — kan de ingen ting gjera. (Johs. 15, 5). Tenk over ei grein sin lagnad om ho blir skilt frå treet, — det er den visse død. Slik går det også deg om du er — eller blir — skild frå Jesus. Derfor er det å få klárleik i ditt forhold til Jesus det spørsmål som burde gå før enn alt i livet ditt.

Ordet her viser først at Gud ventar frukt av treet, — av deg som kristen. Som me har frukta for auga når me plantar eit frukttre, så var det for frukta si skuld Gud ikkje sparde sin einaste son, men gav han for vår fortapte slekt. Det var også for frukta vintreet ville bera, Jesus frivillig gav avkall på himmels herlegdom, og kom ned til synda si jord for å ta vår synd, skuld og dom på seg.

**To ulike slag greiner
på vintreet.**

Jesus seier at det er greiner på han som ber frukt, og greiner som ikkje ber frukt. Det vil seia to slag kristne, som ber hans namn, bekjenner seg som hans og tener han. Men ordet viser klart at det er berre den greina som ber frukt, som er under vingardsman-

nens omsorg og reinsing, og som har ein varande plass i Guds rike. Er du av dei greinene som ikkje ber frukt, då seier Jesus at du vil bli skoren av, kasta på elden og bli brent — gå fortapt. Men er du ei grein som ber frukt, då vil vingardsmannen reinsa deg så du ber meir frukt. Etter dette forstår du nok at det er mykje naudsynt å få lys over mitt og ditt forhold til Jesus. Vågar du be Gud om Anden og ordet sitt lys over deg og ditt forhold til Jesus? Det gjer alle som er av sanninga og elskar sanninga.

Korleis er me så, og blir ei fruktberande grein?

Skrifta viser to hovudvegar som fører dit, og mange døme på dei som går dei. Først dei som tek feil av kva omvending og frelse er, dei gjekk feil veg og enda i sjølvbedrag. Som døme frå skrifta kan me nemna farisearane og dei skriftlærde leiarane i Guds rike på Jesu tid.

Me tek eit døme frå livet, om det kan gi lys over korleis det kan gå til. Heime finn me stundom ein surapal som har vakse opp mellom dei andre lauvorea i skogen. Den ber år om anna nokon små, sure og bitre frukter. Me kan seia at på grunn av den sure frukta tenkte eigaren at den därlege plassen var årsaka, og så spadde han apalen opp og flytta han heim til ein god plass og til god jord. Ved å gi den gjødsel og godt stell gjennom fleire år, så ville forandrigen bli stor. Blada ville bli grøne, skota lange og kraftige, apalen bli større, og han ville gi større og meire frukt. Så etter noken år under desse nye levevilkår, så ville ein ukjend med frukttre gleda seg over den store og rike frukta og sjå fram til ein rik haust. Men om du var med og hausta

og smaka på frukta, så ville du bli mykje vonbroten, for frukta var like sur og bitter nå som under dei ringe kår i skogen. Kva er årsaka til det. Jau, arten er den same, anten treet lever under gode eller ringe kår. Jesus seier at «på fruktene deira skal de kjenna dei. Kan ein hausta druer av klunger eller fike av tistlar? Soleis ber alle gode tre god frukt, men lâke tre vond frukt. Eit godt tre kan ikkje bera vond frukt, og eit lâkt (dårleg) tre kan ikkje bera god frukt» (Matt. 7, 16—18).

Slik kan det også gå til med eit menneske, som lever mellom alle dei andre her i verda, den verda som skrifta seier er vond. Jesus seier også om menneske: «De som er vonde» (Matt. 7, 11). Like eins seier han at slekta er vond og utru (Matt. 12, 39).

Der kan Den Heilage Ande nå deg med eit ord frå Gud så du blir påverka, vakt og tek til å forstå at skal du ha von om frelse må du omvenda deg og bli eit anna menneske enn du er. Etter ein kort eller lang strid er viljen overvunnen, og du tek den avgjerd at du vil bli ein kristen kva det kostar, og du blir flytta frå verda sin flokk og inn i kristenflokk. Den vakte store fare er å koma inn i den truande flokken, bli rekna som ein kristen, og sjølv tru det, utan å bli etterfødd ved Guds Ande og ord og får ei ny ånd og nytt sinn ved synet og trua på Jesus — lammet. William Booth sa ein gong at vår største fare var religion utan Den Heilage Ande, kristendom utan Kristus, frelse utan etterføding, og forlating utan å få eit nytt sinn. Der er særleg lett å enda i vår tid, då så mykje av vår forkynning er uklar og villleiande.

Det er stor skilnad på levekåra i verda og dei du møter i kristenflokk. Her kjem du under Guds ord sin på-

verknad, lyder til dei truande sine vitnemål og deira røynsle i kristenlivet. Ved dine naturlege gåver kan du læra å vitna, forkynna, leva og føra deg som ein kristen, og få kristen livssyn og tenesta. Forandringa kan bli stor, og fruktene synast å vera store og mange. Skrifta seier at det går an å ha all kunnskap og visdom, tru så du kan flytta fjell, gi din eidegom til føda for dei fattige og gi livet til å brennast for Guds sak, men manglar kjærleiken så gagnar det ingen ting og så er du ingen ting. Er du ikkje fødd av Gud og har fått ei ny ånd og eit nytt sinn, så er du enno eit naturleg menneske. Om forandringa og frukta er stor, så kallar bibelen det for «egenrettferdighetens frukt», og ho er alltid sur og bitter for Gud. Skrifta lærer klårt at eit naturleg menneske er det same for Gud kvar og korleis det lever, «*for det finst ingen skilnad, alle har synda og vanrar æra for Gud*» (Rom. 3, 22-23). Dei kan ikkje arva Guds rike, sjá Guds rike eller koma inn i Guds rike (Johs 3.)

Landstad syng: «Han sier deg, du arme flokk, som etter freden lenges: En lærdomsform er ikke nok, *nytt liv er det som trenges*. Thi hvad av kjøt er født, er kjød, ser ei Guds rike, men kun død. Kun født av Ånden blir du ånd og løst hvert bånd, og livet nytt ved nådes hånd.»

Om nokon ikkje vert verande i meg.

Det er den andre veien som kan føra oss til å bli ei grein som ikkje ber frukt. Døme på det finn du i Openb. 2 og 3 kap. i Jesu brev til kristenflokkane i Efesus, Sardes og Laodikeia, og i Paulus brev til kristenflokkene i Galatia o.a.s.

Også her har eit bilet frå naturen tala til meg. Har du sett *ei fruktgrein*

som ber uvanleg mykje frukt? Etter kvart som frukta veks og vert tyngre, så vert greina pressa ned inntil ho ein dag flaknar frå treet. Då blir sambandet med treet så lite at det er ikkje nok til liv eller å bera frukta modna fram. Då hender noko merkeleg, for det som blir forlite gjennom den forbindelsen greina ennå har med treet, det dreg den andre vegen, frå blad, skot og frukt. Og når hausten kjem finn du ei visna, død grein, med innertørka og visna frukter som ikkje er til anna enn å skjera av og kasta på elden.

Slik kan det også gå i ein kristen sitt liv i dag, som det gjekk for desse første kristne. Blir hjarta sitt samband med Jesus brote, då finn det trøyst i og lever på di omvending, di oppleving, ditt liv som kristen eller din gjerning og tenesta i Guds rike, teikn, bønhøyring og fruktene du ser og føler i hjarta og liv. «Mange sjælens hunger metter med sitt eget bedrings verk, lykkes det, da skal du merke, ingen er som de så sterke. — Men å bo i korsets skygge, kaller de den lette vei, derfor må de alltid bygge halvt på Jesus, halvt på seg.»

Er du ein av desse me har nemnt framføre, så lever hjarta ditt andre stader enn i vintreet — Jesus, og du er ei grein utan liv og frukt. For ditt hjarta krinsar om deg, din kristendom og di tenesta, medan ei fruktberande grein sitt hjarta krinsar oom og syng om Jesus. «Mitt hjerte skal synge en evighet lang, om Jesus, bare om Jesus.»

Korleis er, og blir me altså ei fruktberande grein?

Går me tilbake til biletet om surapalen, så kan den koma til å bera god frukt ved å ta kvister frå eit godt tre og pota inn i apalen.

Men eit menneske kan ikkje bli godt, eller bera god frukt, ved å gå over til kristendomen si lære, livssyn, kristen livsføring og gjerning eller tenesta. *For rota, treet er vondt*, og eit vondt tre kan ikkje bera god frukt, seier Jesus. Derfor må det ei ny rot eller tre til, eit som er godt, reint, heilagt, uskyldigt og utan synd.

Det er årsaka til at Gud sende oss Jesus — vintreet. Han er det einaste menneske som er fødd inn i denne slekta, som det kan seiast det om at han er god (Hebr. 7, 26—8,2). «Men er fyrste grøda heilag, så er deigen det og, og er rota heilag, så er greinene det og —» (Rom. 11, 16).

Her ser me at om me skal bli frelst og ei fruktberande grein, *så må me byta rot*. Korleis skal det gå til? Her svarar Guds ord oss klart: «For vert du avhoggen av det oljetreet som er vilt av natura, og imot natura pota inn på eit godt oljetre» (Rom. 11, 24). «Men den som bind oss, og dykk med, fast til Kristus, og som salva oss, det er Gud. Han som og sette sitt innsigle på oss, og gav oss Anden til pant i hjarto våre» (2. Korint 21-22).

Skal du bli frelst, så må du skjerast laus frå det du lever i og set di lit til, anten det er synda eller det er din kristendom, og bli foreina med Jesus ved Anden og ordet. Me kan ta ein par døme frå skrifta: Paulus vitnar sjølv i Filip. 3 at om nokon har det dei kunne lita på i kjøtet, så hadde han det mykje meir. Han var omskroren, høyrd til Guds folk og ætt, høyrd til dei som nådde lengst i å leva etter Guds ord, dei som skrifta vitnar om var nidkjære for Gud og nidkjære i tenesta for Gud. Men på vegen til Damaskus kom han inn i lyset frå Gud, og der fekk han sjå at alt det han levde i og sette si lit til var ikkje meir verd for Gud enn

skarn — avfallet frå eit menneske. Han, den gudfryktige Israels lærar, var fortapt mitt i all si guds frykt, og her var det ingen skilnad på han og syndaren og tollaren. Han fekk sjå at han som trudde han tente Gud ved å fortylgja dei han trudde gjorde skade i Guds rike, han sto Gud imot. Midt i denne fortapte tilstand fekk han sjå at Jesus var hans einaste redning. Her fekk han sjå at å bli frelst, det var å vinna Kristus og bli funnen i han, ikkje i eiga rettferd, men i den rettferd som ein får ved trua på Jesus. Gud skar han laus frå den gamle og syndige rota, Saulus, og pota han inn på det gode treet, Jesus, og av berre nåde fekk han eiga med i feita frå det gode oljetreet. Når me les skrifta sitt vitnemål om Paulus, så er vel ingen i tvil om at han blei ei grein som bar og ber frukt.

I Openb. 3 les me om ei grein som ikkje vart verande i vintreet. Menigheten i Laodikea trudde dei var ei grein som bar mykje frukt, men i Jesu augo var dei fruktlause og livlause, fattige, arme, ynkelege og nakne. Deira kristendom, tenesta og åndelege rikdom var stor i deira eigne augo, men i Jesus augo vart det ikkje verdsett høgare enn det han måtte spy ut or sin munn. Ved sine ord prøvde han å skjera dei laus frå den falske grunn og få dei til å venda seg til Jesus, så dei kunne få gull som er glødt i eld, så dei kunne bli rik, og kvite klæde, så dei kunne klæda seg med dei og skjula nakenskapen sin, og få salva augo sine så dei kunne sjå. Dette er safta frå vintreet.

«*Ver i meg, so er eg i dykk!* Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, so kan ikkje de heller utan de er i meg. — For utan meg kan de inkje gjera. — *Vert de verande i meg, og vert ordi mine veran-*

Ei årsmelding

Eg hadde hug å kunna skriva ei årsmelding som kunne visa til noko stort. Store resultat både åndeleg og økonomisk. Men det kan eg ikkje.

Som så mange før meg lyst eg spørja: Herre, kva meiner du med dette? «Kan du have mig kjær, rett så heslig jeg er? Da er du en forunderlig Gud». Får me ikkje sjå alt i lyset frå Guds ord, så ville ikkje tankar eller helsa halda. Derfor gjer det godt å få sjå Guds veg, og Guds folk sin vandring i skrifta sitt ord frå Gud. Frå ordet sin synstad ser alt anleis ut enn me så ofte tenkte og trudde. «Ved mitt første forsvar møtte ingen med meg — men Herren stod med meg, og styrkte meg», seier Guds og Jesu Kristi fange, Paulus. Ein annan stad seier han: «Min lagnad har vorte til framgang for evangeliet», midt i det at han sat i trengsel, nød og fengsel. Han var bunden, *men Guds ord var ikkje bunde*. Å, kor det er sant i alt og til alle tider: «Mine tankar er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine vegar, seier Herren.»

Dette gir meg frimod også i denne stunda til å tru at eg er i Hans hand, ennå om det har vore eit tungt år på

de i dykk, so bed om kva de vil, og de skal få det.»

Eit såra, dømt og fatigt hjarta, som finn liv, trøst og lækjedom i ordet om Jesus, vil alltid vera ei fruktherande grein på vintreet. Då kan du vitna: «I hans sår, har me fått lækjedom.»

Då blir det eit ganske anna liv, og ei onnor frukt. «Men Andens frukt er kjærleik, gleda, fred, langmod, mildskap, godelek, truskap, spaklynne, fråhald». A. L.

mange vis, med eit sjukt venesamfunn - med mørke og tvil, me dsorg og nød. Men om det ser mørkt ut, så viser Guds ord at slike ting skal tena til framgang for oss personleg og for Guds rike. Framgang er ikkje alltid det vi meiner og trur er framgang, for skrifta viser ofte at det er det motsette. Jesu lærerseinar sende Jesus ut i båten og stormen, åleine og forlatne. Dei måtte sjå ven og fiende krossfesta Jesus og sjå han lagt i grav. Dei såg Stefanus blei steina, seg sjølve som dei som svikta han og som vende seg kvar sin veg, og dei måtte erfara Jesu ord om at alle skulle hata dei for Jesu namn si skuld. Men midt i alt dette blei Jesus deira hjartans skatt og Guds rike gjekk fram. «Nei for all den ting jeg visste, kan jeg ei min Jesus miste.»

Alle ting som møter oss, skal tena til at «Han lyst veksa eg lyst minka». Eg lyst få vera din, Jesus, du som blei prøvd i alt og vann siger midt i di forneding. Slik skal også Guds barn si forneding, som fører til død over alt vårt, bli til siger for oss og for Guds rike. Gud vere takk! Ikkje fordi eg vart forneda, men fordi i fornedinga kom Jesus og løyste og reiste opp det fortapte. For ei frelsa! «Sjå dette er nåden som gjorde meg fri. Sjå dette er nåden som styrkjer i strid. Sjå dette er nåden for alle som ein. Han ser meg i Jesus, ja alltid i Jesus rettferdig og rein

Så vil eg og så mange som har sett dette, seia: Takk Jesus, takk for alt det du har lagt i min veg, så eg skulle få sjå, erfara og oppleva at Jesus er min midt i alt. Den han elskar den tuktar han, og han hudflenger kvar son han tek seg av. Slik er Gud. Så vägar eg å sjå fram til den tid hjå meg og oss, at det har vorte ei fredrik frukt som er rettferd. Vert det vårt ynskje og mål, så vil han atter ta seg av oss og

Å evighet, hvor du er lang.

Har vi begrep om hva en *evighet* er for noe? Går det ikke over vår tanke og evne til å fatte?

Somme tider *aner* vi noe av det, tror jeg. Ved enkelte opplevelser, når tiden synes å stå stille, — når «øyeblikk blir til en evighet». — —

Evighet, — noe vedvarende, tidløst, aldri ende, — aldri — — aldri.

Nei, vi fatter det ikke. Fra et troende hjerte bryter det seg fram somme tider med jublende makt: «En evighet ei bliver lang, til å lovprise Ham med sang» —. Og vi blir ikke trette av å tales ved om den evige herlighet der hjemme.

Og vi synger, i glade og i tunge stunder om den evige salighet sammen med Jesus. «Hvor salig der å bære Sin brudekrone skjønn, Og være Jesus ganske nær. Ja, skue Jesus som han er — ». Slik synger Brorson.

framleies leida og føra oss på sin veg, til frelsa for oss, våre, venesamfunnet og så mange Herren vår Gud kallar til seg.

Når det gjeld sjølve arbeidet er å seia at me har prøvt å halda misjonsmøter kvar fjortande dag, så langt det har vore råd. Dertil så har Amund Lid og Godtfred Nygård gjesta oss siste året.

Så er det godt at vi skal få overlata til vingarden sin Herre å sjå etter resultat og leita etter den rette frukt. Det arbeidet er vi ikkje i stand til å gjera.

Så ei takk til dykk som har vore med på møta, i forbøn og offer.

Ein under-hyrding.

Og en annen dikter sier det slik: «Da synger jeg for tronen glad, Et bedre kvad, Og løfter palmegrene. Med hvite kleder som er todd I Lammets blod, For Herrens øyne rene. Halleluja — hva glede da. Hva lifling klang, og all min sang, Er Herren — Herren ene.»

Og dette skal være i evighet. For et håp! For en trøst! For et mål!

Men det var denne overskriften jeg ikke ble kvitt: *Å, evighet, hvor du er lang.*

Hvem kan tolke den ve og smerte som det blir for den sjel som skal smake evigheten hvor der ingen Jesus er? Ingen fred, ingen lindring, intet håp om forandring — håpløst — håpløst.

Heller ikke dette kan vi fatte. Men Jesus forteller oss om det så tydelig. Vi vegrer oss for å si det så tydelig til hverandre: Han taler om ildien som ikke slukner, om ormen som aldri dør, — om håpløsheten — borte fra Herrens åsyn, — den evige ve.

Å, evighet, hvor du er lang!

Men «ingen behøver fortapt å gå». Hvorfor? Fordi «Jesus er kommet for syndere alle».

Han kjøpte oss fri fra lovens forbanelse, som i sin ytterste konsekvens betyr en evighet borte fra Herrens åsyn — uten håp.

Han kjøpte deg fri fra lovens forbanelse, fra fortapelsens kvaler. *Hører du det?*

Salig er du om du *hører*. For den som *hører* skal *leve*, leve en evighet med Ham.

Berit Berg.

Solgt som træl under synden

Av Rosenius (Dansk utgave)

Det tager sin tid — og det koster hårde og angstfyldte kampe — før man får lært, hvor nødvendigt det er *ret at indprente sig læren om menneskets dybe fordærvelse*. Der er intet der i den grad kan være pinefuldt og virke lammende på vor tro og vor tillid til Guds nåde, som den dybt rodfestede indbildning, at vi ved egen hjælp skulle kunne blive fromme og gode.

Om jeg hører det herligste budskap om Kristus og hans soningsdød for oss så kan jeg dog aldrig med fuld tillid og glæde tage imod det, så lenge jeg beherskes af indbildningen om at blive alt det onde kvit og fremstå hellig og salig og ren. I same øjeblik, jeg erfarer det motsatte herav, forsvinder min trøst og min fred. Hele Kristi fuldbakte værk er for mig som intet at regne, blot fordi jeg ikke havde taget konsekvensen af læren om vår dybe fordærvelse og gjort mig klart, at kødet er og forbliver kød og fortsat vil stride mod ånden. Derfor er det værd at legge sig på sindet, hvad Luther siger, at «*troens taske må have tvende rum* — et for læren om, hvorledes alt kød blev fordærvet i syndefaldet, og et for læren om, hvorledes *alt er blevet sonet ved Kristi død*.» Hvis jeg ikke har tilægnet mig læren om det første, vil erfaringen deraf berøve mig trøsten af det sidste.

Det er mærkeligt nok, at der er visse sandheder, som vi aldrig rigtig kan tro eller holde fast ved, skjønt de i og for sig er indlysende nok.

Vi kan tro, at Gud er blevet menneske, at Jesus i nadverden giver oss sitt legeme og blod, o.s.v. Men vi kan ikke tro, hvad dog er langt mindre mærk-

verdig og tillige noget vi daglig erfarer, at alt kød er fordærvet, gennemtrængt af slangegiften, dødt og afmægtigt på grund af synden, så vi ikke har en fri vilje, ikke har kraft til at gøre det gode, vi vil o.s.v. Vi læser og hører derom, vi erfarer det daglig og kan dog ikke tro det. Vi mener bestandig, at så helt fortalte og afmægtige er vi da ikke. *Nogen* kraft må vi da vel have i os selv.

For det første kan dette utvilsomt føres til slangens påstand : *I skal blive som Gud!* For det andet skyldes det en fuldstændig misforståelse med hensyn til loven. Man forstår ikke, at «*loven kom til for at faldet kunne blive større*», men mener sig virkelig i stand til at opfylde den. Og endelig kommer det deraf, at vi ikke tillgger læren om vår fordærvelse den *fornødne betydning*. Da går det, som Luther siger : «*I samme forhold, som vi vurderer ordet, fæster det rod hos os*».

Det er i sandhed ikke uten grund, at skriften taler så stærkt om vår fordærvede natur. Reformatorene vidste også, hvor vigtigt et punkt netop dette var, når de med så stor iver stred for den rette uformning af læren om *arvesynden, den frie vilje* og lignende artikler. Thi forvirres begreberne med hensyn til dette, følger en hel rekke af de mest skæbnesværgre vildfarelser efter. At de vantro, lærde som ulærde, ingen erkendelse har af deres synd og derfor heller ikke spørger efter Kristus, er en sag for sig.

Men skal de vakte og de troende midt under følelsen af syndens elende kunne nå til og fastholde en varig og på evan-

gelist grundfestet fred, så er det af avgjørende betydning, at *Læren* om vår fordærvede natur står dem klart.

Ligesom vi i den foregående artikkel ud fra Skriften har påvist, hvorledes synden kom ind i verden ved Adams fald og gik i arv til os alle, vil vi nu undersøge, hvad vor kirkes reformatorene siger derom.

Den strid, som opstod i forbindelse med spørsgsmålet om arvesynden, da *Den Augsburgske Bekendelse* første gang udkom, er ganske lærerig. Reformatorene siger om arvesynden følgende: «Endvidere læres, at alle mennesker, som ifølge den naturlige fødsel bliver til, efter Adams fald bliver født med synd, det vil sige uden guds frykt, uden tillid til Gud og med ondt begær. Og at samme sygdom eller medfødte fejl så sandelig er synd, som fordømmer og bliver årsag til evig død for alle, som ikke ved dåben og Helligånden bliver født på ny».

Mod denne opfattelse tog de pave-liggindede til orde. At være uden guds-frygt og uden tro, det er *gerningssynd* og ikke *arvesynd*», sagde de.

Denne indvending gav anledning til et langt og grundig svar, forfattet af Melanchton og kaldet *Apologien*. I denne citerer ha nførst fra den tyskskrevne «Bekendelse» den påstand, det drejer sig om: « — at alle fra moders liv af er fyldt af ond lyst og ondt begær og ingen sand guds frygt, ingen sand tro kan have af naturen.» Derpå tilføjer han: «Hermmed er sagt, at ikke alene *gerningen* selv, men også *evnen* til ret å kunne frykte Gud og sætte sin lid til ham, fraskriver vi enhver, som er født af kød. Thi vi siger, at de *har* et ondt begær og kan ikke rettelig frykte Gud og sette deres lid til ham».

Mange vil sikkert undre sig over, hvad der egentlig var at strides om her.

Mange vil sige som så: At frylte Gud og tro på ham, det er noget, jeg frit kan vælge at gjøre. Det onde *begær*, det er mig *medfødt*, og det kan Gud forlede, blot jeg fryktede ham, som jeg burde, ret for alvor var bange for synden og tog kampen imod den op. At jeg ikke gjør dette, er min egen skyld — jeg har frihed dertil. Og videre: Blot jeg *troede* på Gud, som jeg burde, så skulle jeg have forladelse for synden og kraft til at kæmpe imod den. Men at jeg ikke tror, det er min egen skyld o. s. v.

Meningen er god nok, og noget sandt er det i det. Men forudsetningen er altså den, at *guds frykt og tro skulle stå i vor egen magt*. Når man så ikke får ført noget af det ud i livet, som man mener at have i sin magt, fordømmer man sig selv — evangeliet må så siden sige om Kristus, hvad det vil. Det var denne vildfarelse, reformatorene ville imødegå. De slog fast, at menneske ikke en gang har det i sin magt at rettelig frykte sin Gud og sætte sin lid til ham. Det er også *deres* erfaring, som er «trætte og tyngede af byrder» — som ængstes og græder, sukker og klager: Jeg *kan ikke* frykte Gud, som jeg burde, jeg *kan ikke* have synden, jeg er så hård og så sikker, at det er en gru, jeg *ser* min synd men *angre den* kan jeg ikke. Eller: Jeg kan ikke *tro* — Jeg *ser*, jeg *hører*, jeg *ved om* Guds store nåde i Kristus, men *tro den* for min egen del kan jeg ikke.

Hvor er nu mennesket henne? Hvor er den frie vilje? Det er sådan vi er af naturen.

Men Melanchton siger endvidere: «Vi har ikke alene talt om begæret — vi har tillige sagt, at menneske ifølge sin natur er således beskaffent, at det ikke tror på Gud, ikke frykter og elsker ham — Og det er ikke uden grund, vi

har tilføjet dette. De skolastiske lævere gør arvesynden til en ren bagatell. De taler om *den onde tilbøjelighed* — men ikke et ord om det, der er hovedsagen i den nedarvede fordærvelse, nemlig, at mennesket ikke kender Gud, ikke frykter Gud, ikke sætter sin lid til Gud men forakrer ham og fortørnes på ham, hader hans domme, tviler på hans nåde og slår sin lid alene til de nærværende og synlige ting. Dette, som dog mere end noget andet strider imod Guds lov, bliver de ikke var. Ja, de tillægger den menneskelige natur kraft til over alle ting at kunne elske Gud og holde hans bud og befalinger.

De lægger imidlertid ikke merke til, at de modsiger sig selv. Thi den, som af sig selv kunne elske Gud over alle ting og opfylde alle hans bud, han havde ennu den første fuldkommenhet i behold. Og hvori skulle da arvesynden bestå? Hvortil behøvde vi da Kristus og hans nåde?

De mindre fejl og svagheder i menneskets natur erkender de, men de større og grovere erkender de ikke. Og skriften taler dog på mangfoldige steder om den kødelige sikkerhed, forakten for Gud, vanstroen og flere sådanne os medfødte laster. » — —

«Vi har hermed villet give til kende, at begrebet *arvesynden* tillige rummer i sig disse *svagheder, fejl og nedarvede skavanker*, nemlig, at vi ikke kender Gud, at vi forakrer Gud, at vi er uden guds frykt og uden tillid til Gud, og ikke rettelig kan elske Gud. Disse er den menneskelige naturs fornemste mangler og fejl — de står i modstrid til den første af lovens tavler.»

«Arvesynden er ikke blot en brist eller mangel, men en fordærvet sjælens gestalt, en ugodelig tendens i vor natur.»

«At vi således er uden guds frygt,

uden tro og tillid til Gud, er altså ikke gjerningssynd alene, men tillige en medfødt brist, som vi beholder, lige til Guds And føder os på ny.»

«Men — siger modparten videre — det onde bgær er en straf og ikke en synd». Mod denne påstand gør Luther gældende, at det ter en *dødelig synd*. Paulus siger også: «Jeg havde jo ikke visst av begær, om ikke loven hadde sagt: «Du må ikke begære». — I mine lemmer ser jeg en anden lov, som ligger i strid med loven i mit sind og tager mig til fange under syndens lov, som er i mine lemmer». Rom. 7.

Her kalder Paulus uttrykkelig *begæret en synd*, som dog ikke bliver *dem* tilregnet, der er i Kristus — skønt den i sig selv er så alvorlig, at blev den ikke tilgivet, fortjente den døden. Sofisterne har fra filosofien andtaget og indført den opfattelse, at vi — med vore lidenskaper og syndige lyster — hverken er onde eller gode, hverken bør roses eller lastes, og at intet er synd, som man ikke selv giver sit fulde samtykke til.

Sumarskulane 1966

Sumarskule på Varhaug, Jæren 29. juni — 3. juli. Leiarar : Holger Kjølvik, Jon Berg. Talarar : Ole Brandal, Jon Berg, Amund Lid. Innmelding innan 20. juni til Holger Kjølvik, Varhaug, tlf. 86209.

Sumarskule og årsmøte i Namsos — 20. - 24. juli. Leiarar : Magner Aandahl Amund Lid. Talarar : Jon Berg, Ole Brandal, Gudmund Hjorthaug. Innmelding innan 10 juli til Magner Aandahl, Namsos, tlf. 2530.

Sumarskule på Alvaldsnes, ved Haugesund 3. — 7. august. Leiarar : Karl Hjelmås, Ole Brandal. Talarar : Reidar

Linkjendal, Amund Lid, Godtfred Nygård. Innmelding innan 25. juli til Karl Hjelmås, Avaldsnes.

Prisen for opphaldet på sumarskulan blir kr. 70,00 for einslege, kr. 60,00 pr. person for familiar, kr. 35,00 for barn under 15 år, under 6 år fritt.

Ver så venleg ved innmeldinga å gi opp om de kjem i eigen bil, om de treng teltplass, om de held dykk maten sjølv eller ynskjer den hjå oss, eller om de ynskjer hus og mat, alder og adresse. Dette gjer det lettare for dei som ordnar med inkvarteringa.

Med det same kan me alt minna om at de må rekna med å ta med sovepose eller sengklær, og at stilethelar ikkje blir tillate på grunn av dei fine golva i skulane.

Reisa til årsmøte i Namsos blir lang, ca. 100 mil eller to dagars køyring, og den blir kanskje mest rimeleg for dei som har eigen bil og telt.

Om mange nok melder seg blir det sett opp buss frå Sannidal, som tek med folk frå Sørlandet og Austlandet. Prisen blir kr. 100 tur/retur. Send innmelding innan 1. juli til Leif Øygarden, Sannidal. Tlf. Kragerø 83117

Likeeins blir det sett opp buss frå Haugesund om mange nok melder seg. Den køyrer over Kinsarvik og Hardangervidda og tek med folk frå Rogaland og Vestlandet elles. Her blir prisen kr. 140 — 150 tur/retur om 25 melder seg, og rimelegerae om me kan fylla ein 40 setar. Innmelding innan 1. juli til Karl Hjelmås, Avaldsnes.

Dei som har lita tid kan ta fly til

Værnes. Familiemoderasjon : Ein full pris, kona og barn inntil 25 år halv pris. Om minst 10 personar med same mål for reisa kjøper ein billett får dei 25% avslag. For tida er den ordinere prisen frå Sola kr. 441,00 tur/retur, og frå Bergen kr. 342,00 tur/retur. Så kan de rekna ut kva det blir for deg og din familie.

Reiser de med fly så må de tinga plass hjå Bråten eller nermaste reisebyrå i god tid då trafikken er stor om sumaren, med flyet som går frå Stav. 7,45 Flesland 8,35, Vigra 9,50 til Værnes kl. 10,40.

De som vil reisa med fly kan senda eit brevkort til Amund Lid, Norheim-sun før 1. juli med melding om antal personar, og me skal prøva ordna med bil frå V.rnes til Namsos.

Nytta ferien til ein tur til ein av våre sumarskular, og ta borna med, for unge og eldre høyrer saman og treng om kvarandre. Hjarteleg velkommen !

Som døyande og sjå me lever

(2. Kor. 6, 9)

Gud let ofte sine barn bli kraftlause og nedtrykte, så alle meiner at nå er det forbi med dei, nå er det snart ute med dei. Men i same stund er Guds kraft størst hjå dei. *For der menneske si eiga kraft går ut, der går Guds kraft inn*, når trua er tilstades og dei ventar på Gud. —

På andre sida let Gud sine fiendar koma seg opp og bli store og mektige. Han dreg si hjelp tilbake, og let dei blåsa seg opp i eiga kraft. *For der menneske si kraft går inn, der går Guds kraft ut*. Når så blæra er full, og alle meiner at dei er ovanpå og har sigra, kjenner seg sterke og ferdige, då stikk Gud hol på blæra og det er ute med dei.

Slike dårar veit ikkje at nett når dei kjem seg opp og blir sterke, då forlet Gud dei, og Guds arm er ikkje med dei.

Luther.